



Norges vassdrags- og energidirektorat

**Referanser:**

Dykkar:

Vår: 20/483 - 20/9862

**Saksbehandlar:**

Lin Tove Thomassen

lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

30.10.2020

## **MELDING OM VEDTAK - UTTALE TIL SØKNAD OM RIVING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND**

Saka er behandla i Kommunestyret 27.10.2020 - Sak 77/2020

### **Det er gjort slikt vedtak:**

Vaksdal kommunestyre sender følgjande høringsuttale til søknad om riving av dam Trollkjelen:

- Vaksdal kommune, ved kommunestyret, går imot at Småkraft AS får løyve til å fjerne dam Trollkjelen på Vaksdal. Kommunen er ikkje samd i konklusjonen frå Småkraft AS om at fjerning av dammen ikkje vil gje nemneverdige konsekvensar for kulturarv og landskap. Oppfatninga er derimot at skadane og ulempene knytt til desse forholda, vil vere vesentlege.

Dammen frå 1880 er eit kjent landemerke for Vaksdal, med murdam, vasspegel og fossefall. Dammen ligg sentralt til i bygda, og er godt synleg frå Trollkjelsvegen, fjorden og Bergensbana. Ei riving vil endre vassdraget sin karakter, og kommunen meiner at ein vil miste noko verdfullt i høve til landskapsbilete og lokal identitet. Ei tilbakeføring til slik elva/fossen var for 140 år sidan, vil truleg ikkje vera mogeleg eller ynskjeleg etter så lang tid.

Dammen i Trollkjelen må sjåast i samanheng med planane om å etablere eit opplevingssenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og den pedagogiske formidlinga knytt til industriell produksjon av matmjøl.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no

Konsul Jebbensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no

Telefon +47 56 59 44 00

**Konto**

Org.nr. 961 821 967





Planstatus for området der dammen ligg, omfattar både kommuneplan og reguleringsplan. I kommuneplanen sin arealdelen er området omfatta av framtidig kombinert bebyggelse og anleggsføremål. Reguleringsplanen er "Vaksdal del vest", med planid 1982002, reguleringsføremål "friluftsområde i sjø og vassdrag". Det vert ikkje knytt særskilte merknadar i høve til planane.

Området/demningen ligg innanfor faresone for flaum. Kommunen meiner at risikoen for - og konsekvensane av - flaum grunna riving, ikkje er tilstrekkeleg vurdert. Vi ber difor om at det vert lagt fram ei vurdering om flaumvern av dagens bygningsmasse, som følgje av mogeleg riving.

Kommunestyret har ingen særskilte merknadar til konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv i området.

Vaksdal kommune meiner at sterke, ålmenne interesser, ut frå at dammen er eit gammalt og kjent landemerke på Vaksdal, med lokal identitet, industrihistorie og verdfullt landskapsbilete, må vege tungt og føre til at dammen ikkje vert riven.

Vaksdal kommunestyre har i møtet av 22.09.20 fatta vedtak om at kommunen ikkje ynskjer å ta over dam Trollkjelen på Vaksdal, jamfør tilbodet frå Småkraft AS.

Rett utskrift:

Lin Tove Thomassen  
Politisk sekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Vedlegg:**

UTTALE TIL SØKNAD OM RIVING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND

**Mottakrarar:**

Norges vassdrags- og energidirektorat

**Kopi til:**

Tore Henrik Øye